

Stølseigarar: Okshovdstølen, Heimdre Hedalsstølen, Øystre Hedalsstølen og Olestølen
Øystre Slidre Bondelag
Øystre Slidre Bonde- og Småbrukarlag
Stølslie Vel
Beitostølen Hytteforening
Ole og Hedalen Vel

Beitostølen/Hedalsstølen, 13. april 2021

Til : Formannskapet i Øystre Slidre kommune
Kommunestyret i Øystre Slidre kommune

I HØVE: VARSEL OM OPPSTART AV ARBEID MED REGULERINGSPLAN FOR LIAHAUGSTØLEN

Samandrag

Framsyn Fritid AS har varsla oppstart av reguleringsplan for Liahaugstølen i Øystre Slidre kommune innan eit område på 67 dekar som ligg ovafor dei bygde områda i Stølslie aust for Beitostølen sentrum. Det aktuelle området er i kommunedelplan for Beitostølsområdet avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF), med unnatak av eit område H1 på 19 dekar som er sett av til framtidig utbyggingsområde for fritidsbustader. Arealet er registrert som svært verdifullt beiteareal, og har også kvalitetar som naturområde og friluftsområde, samt landskapskvalitetar. Området har tidlegare vorte prøvd lagt ut til byggeområde, og arealet H1 er avsett som eit kompromiss i samband med tidlegare mekling.

- Vi går imot den varsla reguleringa, og ber om at Øystre Slidre kommune straks og med direkte verknad stoggar reguleringsprosessen for Liahaugstølen.
- I høve kommunen er det i dag om lag 4 400 fritidsbustader i Øystre Slidre. Gjeldande arealdel av kommuneplanen opnar for utbygging av om lag 2 000 fleire fritidsbustader, mao ein auke på 45 %. Vi meiner det er heilt grunnlaust å leggje til rette for 180 nye einingar for fritidsbustad på Liahaugstølen gjennom ein reguleringsplan i eit konfliktfylt LNF-område, i motstrid med overordna plan, kort tid før kommuneplanen sin arealdel no skal reviderast. Kommuneplanen sin arealdel må no reviderast etter ein open medverkjingsprosess, som grunnlag for framtidige arealdisponeringar.
- Forslaget frå Framsyn Fritid AS følger ikkje opp kommuneplanen sin arealdel, som her er kommunedelplan for Beitostølsområdet. Tvert imot bryt forslaget med kommunedelplanen i og med at LNF-område innan eit konfliktfylt område er føreslått bygd ut.
- Vi stiller spørsmål ved kommunen si handtering av planinitiativet, og undrar oss over at ikkje initiativet frå Framsyn Fritid AS vart stogga med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 då dei la dette fram for kommunen.
- Øystre Slidre er ein av dei viktigaste stølskommunane i Noreg. Valdres er den regionen i Noreg som har og har hatt mest stølsdrift, ein driftsmåte som gjeng attende til seinmiddelalderen. Norsk Seterkultur arbeider difor med å få setring/støling inn på UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv.

- Beiteområdet mellom Heimdre Hedalsstølen og dei noverande byggjeområda i Stølsliie er viktige for driftsgrunnlaget på stølane, og har ein viktig funksjon som ein buffer imella stølar og byggeområde. Det konkrete arealet det her er snakk om, er noko av det beste utmarksbeitet som finst i Øystre Slidre. Mykje av arealet er klassifisera som lettbruka dyrkingsjord.
- Det meste av verdiskapinga av dette prosjektet vil høgst sannsynleg koma utanfor kommunen, det vert lite arbeid for lokale underleverandørar, og det skapast få eller ingen nye, permanente lokale arbeidsplassar.
- Vi er ikkje imot at framtidige hytter byggjast og drivast på eit klimavenleg vis. Dette er ikkje hovudpoenget med denne saka. Poenget er - dette er ikkje rett plass!

1 Innleiing

Varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for Liahaugstølen i Øystre Slidre kommune vart lagt ut på Altinn 29. mars 2021 av tiltakshavar Framsyn Fritid AS med svarfrist 12. mai 2021. Tiltakshavar signaliserer her eit ønskje om å byggja 150 – 180 bueiningar på eit areal som omfattast av H1 i kommunedelplan for Beitostølsområdet, og eit tilgrensande areal som er avsett til LNF-område i kommunedelplanen.

Vi ber om at Øystre Slidre kommune straks og med umiddelbar verknad stoggar reguleringsprosessen for Liahaugstølen. Vi vil grunnkje dette synet nærare nedafor.

2 Bakgrunn – H1

I kommunedelplan for Beitostølsområdet, vedteke i 2011, er H1 på ca. 19 dekar avsett som framtidig byggjeområde for fritidsbustader. Denne arealdisponeringa var eit resultat av mekling hos fylkesmannen etter motsegn til kommunedelplanen. Areala omkring H1 er avsette til LNF.

Intensjonane bak H1 synest uklår. Ut frå tilgjengelege dokument har kommunen i fleire år hatt ein intensjon om å leggja om skiløypetraséen i området med tanke på ein slakare kurvatur. Det har i denne samanheng kome fram ønske om å byggja fleire hytter i området, utan at bakgrunnen for dette er gjort synleg. Det er ikkje dokumentert noko trong for eller konsekvensar av meir hyttebygging i området. Utbygging i buffersona gjev auka ferdsel i området rundt og påverkar også drifta på dei andre stølsområda i området. Eventuelle andre intensjonar bak reguleringa er ikkje dokumentert. Regulering har vore prøvd igangsett ved eit par høve, seinast i 2016. Formannskapet fatta eit vedtak i saka sumaren 2016, og fastsette då planprogram for reguleringsplan for område H1. Her ligg ei kartteikning som syner om lag 42 dekar til utbyggingsføre mål for fritidsbustader med tilhøyrande vegnett, som omfattar store delar av LNF-området mellom H1 og det etablerte byggjeområdet lenger vest.

3 Framsyn Fritid AS sitt prosjekt

Kartet frå formannskapet sitt planprogram frå 2016 er identisk med kartet som Framsyn Fritid AS no bruker som grunnlag for sitt reguleringsframstøt. No inneheld deira forslag opp mot 180 nye einingar i leilegheitsbygg som ligg i 6 klynger á 5 hus innafor det arealet som kommunen hadde teikna opp. I tillegg har dei signalisert at dei ynskjer at utbyggingsområdet skal utvidast ytterlegare mot aust, jf. referat frå regionalt planforum 25.11.2020. Framsyn Fritid AS meiner ein akebakke der kommunen

hadde planlagt dette ikkje kjem til å verta bruka, då området er for flatt. Dei vil utvida skiløypa og at denne opparbeidast slik at ho også kan nyttast til gang- og sykkelveg om sumaren.

Det er også synt til at i gjeldande reguleringsplan vest for planområdet, ligg det i dag eit areal avsett som F1, F2 og F3, som m.a. omfattar trasé for skiløype som skal ryddast, og leikeplass og skibakke som skal ryddast (snauhøggast) og opparbeidast som skileikområde om vinteren, kor det skal plasserast lyspunkt, miljølamper, for bruk på kveldstid. Planane frå Framsyn Fritid AS, med ein brei akebakke, fører mao. til omfattande snauhogging av areal som ikkje skal byggast ned, og at det kjem inn aktivitetar med lyssetting og støy, som inneber at området får eit heilt anna preg enn i dag. Dette vil føre til støy og lyspåverknad for omkringliggjande eigedommar for all framtid. I dag er det mykje merksemd på den aukande lysureininga i fjell-landskapet, som mange ynskjer skal reduserast. Resultatet av dei føreliggjande planane gjeng i motsett retning. Vi er sterkt uroa for dette, og ser at tilrettelegging av denne sorten vil kunne innføre ein "slalåmbakke light" med auka lys- og støypåverknad i området. Dette vil vi motsetje oss. Denne sorten tilrettelegging høver ikkje her, og må haldast konsentrert til sentrale delar av Beitostølen.

Eit opphavleg ynskje om å få til ei slakare traséføring for skiløypa har enda opp med planar om å byggja 180 bueiningar og snauhogging for å opparbeide akebakke med lyssetting innafor eit landbruks-, natur- og friluftsområde som kommunen for cirka 10 år sidan har fått klår attendemelding frå regionale styresmakter om å taka vare på som særers verdifullt landbruksareal.

Rådmannen har signalisert at rulleringa av kommuneplanen sin arealdel skal setjast i gong før sumaren 2021. Framsyn Fritid AS sin framdriftsplan syner at dei ventar eit reguleringsvedtak i desember 2021. Dette i seg sjølv bør vera god nok grunn til at Øystre Slidre kommune straks, og med direkte verknad, vedtek at denne reguleringa stoggast. Kommuneplanen sin arealdel må handsamast først, det er i arealdelen at framtidige arealdisponeringar skal fastsetjast. Den nyleg vedtekte kommuneplanen sin samfunnsdel har gjeve gode føringar for å utarbeide arealdelen. Det gjer inga meining at ein reguleringsplan for Liahaugstølen skal verta vedteken før arealdelen er vedteken. Tiltakshavar må difor snarast mogleg få melding om at dette arbeidet stoggast.

Området som er søkt regulert i denne saka inneber ei utviding av den nord-austlegaste grensa for utbygging som til no har sett grenser for Beitostølen sin ekspansjon mot beite- og stølsområda austover i retning Javnlia. Dette området har i lang tid vorte nytta som tilkomst frå bygnadsområda i Stølsli, hytteeigarar langs Syvervegen, fast- og deltidsbuande mellom fylkesvegen og skistadion og deltidsbuande på campingplassen til fjellet, og har representera ein buffersone mellom tett bygnad og stølsområdet på Heimdre Hedalsstølen. Det er viktig at dette området takast vare på for framtida, som ein open buffer imellom bygnadsområda og fjellet. Dette kan gjerast ved å leggja inn ei omsynssone, eventuelt at fjell-/utbyggingsgrensa trekkast ned mot eksisterande bygnadsområde. Dette vil me koma attende til i samband med kommuneplanen sin arealdel.

4. Tilhøvet mellom kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdel og Liahaugstølen

Øystre Slidre kommune har nyleg vedteke ein svært god samfunnsdel av kommuneplanen, etter ein grundig planprosess der lokale innspel har vorte take med i prosessen. I tråd med intensjonane i plan- og bygningslova og gode planleggingsprinsipp, slår kommunen her fast at arealstrategien skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. I arealstrategien markerer kommunen mange gode planleggingsprinsipp, som å sikra biologisk mangfald, å taka vare på naturen som grunnlag for oppleving og aktivitet, å styre tilrettelegging i utmarka gjennom omsynssoner, fortettingsstrategi for hytteområda og å halde på fjellgrensa. Kommunen markerer at planen gjeld heile kommunen, for både innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar.

Etter plan- og bygningslova (pbl) skal samfunnsdelen gje føringar for kommuneplanen sin arealdel, slik Øystre Slidre kommune her legg opp til. Om detaljregulering seier pbl § 12-3 tredje ledd at private føreslag innhaldsmessig må følgje opp hovudtrekk og rammar i kommuneplanen sin arealdel og føreliggjande områdereguleringar. Dersom føreslag til detaljregulering ikkje er i tråd med kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering, kan kommunen lata vera å fremje føreslaget på dette grunnlaget.

Føreslaget frå Framsyn Fritid AS følgjer ikkje opp kommuneplanen sin arealdel (kommunedelplanen for Beitostølsområdet) – tvert imot bryt føreslaget med kommunedelplanen på det viset at LNF-område innafor eit konfliktfylt område vert føreslått bygd ut. Kommunen burde heilt klårt ha stogga planinitiativet med heimel i pbl § 12-8, straks Framsyn Fritid AS presenterte dette for kommunen.

Kommunen skal etter pbl § 12-8 føre referat frå oppstartmøte i samband med framsett planinitiativ. Referat frå oppstartmøte i denne saka er dagsett 16.12.2020. Først 29.03.2021, same dato som Framsyn Fritid AS varsla oppstart av planarbeidet, vart dette referatet førd på Øystre Slidre kommune si postliste. Av referatet gjeng det fram at planføreslaget ikkje vil samsvare med kommunedelplan for Beitostølsområdet, og at tilhøve til landbruksnæring/støling må takast omsyn til. Ut over det gjeng det ikkje fram noko om at det er knytt viktige interesser til det aktuelle arealet, og heller ikkje at arealbruken kan vere svært konfliktfylt. På førehand hadde det, den 17. og 25. november 2020, vore møte i regionalt planforum om saka. I referata frå desse møta gjeng det ikkje fram at det store konfliktpotensialet i saka har vore nemnd frå kommunen si side, heller ikkje at det tidlegare har vorte fremja motsegn mot føreslegen arealbruk området. Tvert imot har kommunen sin representant gjeve uttrykk for at kommunen er positiv til planinitiativet, og han har også sagt at det er uklårt om det er beiterett i området som det er snakk om. Kommunen sin representant har også stilt spørsmål til fylkesmannen om han ikkje såg nokon fordelar for landbruket i dette planforslaget. I referatet frå oppstartsmøtet 16.12.2020 har kommunen kryssa av for å rå til at planarbeidet startar opp, utan at det gjeng fram noko vurdering bak denne slutninga. Vi meiner dette er ei for enkel handsaming frå kommunen si side, og meiner at konklusjonen skulle ha vore at planen ikkje kunne varslast. Vi meiner at kommunen skulle ha avgjort at dette initiativet måtte leggjast bort inntil kommuneplanen sin arealdel er revidert og vedteke.

Liahaugstølen er ikkje det einaste høve på at kommunen slepp fram store reguleringsframstøt på dette viset. I referat frå møte om Aasgarden har det same skjedd; den 8.8.2020 var det oppstartmøte i den saka. Også her kryssa kommunen av for at planinitiativet ikkje vil samsvare med overordna plan. Noko meir om kva dette inneber eller om det finst motførestillingar, står det ikkje i referatet. Kommunen har kryssa av for at dei rår til at planarbeidet startar opp.

Desse dømene syner etter vårt syn at Øystre Slidre har lagt seg på ein svært uheldig praksis, der dei slepp gjennom store nye utbyggingsinitiativ som bryt med vedteke overordna plan, kort tid før kommuneplanen sin arealdel skal reviderast. Denne praksisen strid etter vår meining med dei gode prinsippa som kommunen for kort tid sida har vedteke i planstrategi og samfunnsdel av kommuneplanen, om at arealstrategien skal vera bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen. Denne praksisen skapar stor uro hos mange heiltids- og deltidsinnbyggjarar i Beitostølen-området, som alle har ein naturleg trong for føreseielegheit og tryggleik på og omkring eigedomane deira. Eitt døme på utslag av dette, er at Framsyn Fritid AS har føreslege tilrettelegging for maskinpreparert hovudskiløype inne på tomte på ein privat hytteeigedom.

Vi minner om at plan- og bygningslova § 12-3 tredje ledd tydeleg seier at private føreslag til detaljregulering innhaldsmessig må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanen sin arealdel og føreliggjande områdereguleringar. I dette høvet gjeld det kommunedelplan for Beitostølsområdet. Det bør vera openbart for alle at reguleringsføreslaget med 180 nye bueningar i Liahaugstølen innafor eit eksisterande LNF-område ikkje følgjer opp denne føresetnaden. Ei så kraftig utbygging vil

innebere ei sterk fortetting, ein massiv bygnadsmasse med lågblokkar, og ei kraftig auke i talet på menneskje som skal sokna til området. Dette bryt også fundamentalt med byggestilen i omkringliggjande område, og det bryt radikalt med normal utnyttingsgrad i området. Ei slik utbygging vil ha store negative verknader med omsyn til estetikk og landskapsverknad. Dette handlar òg i høg grad om respekt for grannar. Slike utbyggingsmåtar må eventuelt handsamast i samband med kommuneplanen sin arealdel. Vi vil seie klårt frå om at dette ikkje høver inn i dette området.

I følge sak 79/20 til Øystre Slidre kommunestyre, opnar gjeldande arealdel av kommuneplanen for utbygging av om lag 2 000 fleire fritidsbustader, i tillegg til dei eksisterande 4 400 fritidsbustadene i kommunen, mao ein auke om lag på 45 %. I lys av dette verkar det heilt grunnlaust å leggje til rette for 180 nye einingar for fritidsbustad gjennom ein reguleringsplan i eit LNF-område, i motstrid med overordna plan, og i eit konfliktfyllt område – kort tid før kommuneplanen sin arealdel skal reviderast.

Kommunen må no ta på alvor at dei sjølve er i startgroppa til å revidere kommuneplanen sin arealdel. Konsekvensen må vera at føreslagsstillar for Liahaugstølen beinveges får beskjed av kommunen om å stogga reguleringsprosessen.

5 Framsyn Fritid AS sitt prosjekt med klimavenlege hytter/leilegheiter

Prosjektet er framsett som klimavenleg. Mange gode intensjonar er uttrykte frå tiltakshavar si side, både i søknaden til ENOVA og i planprogrammet. Vi er ikkje imot at framtidige hytter byggjast og drivast på eit klimavenleg vis. Dette er likevel ikkje hovudpoenget med denne saka.

Poenget er - dette er ikkje rett plass! Framsyn Fritid AS kan moglegvis hevde at dei er i god tru, på bakgrunn av kommunen sine signal om å førebu regulering av området. Vi ber kommunen sjå at dette tiltaket ikkje kan gjennomførast her, og taka ansvar for å gje tiltakshavar klår melding om dette snarast mogleg. Konseptet med dei klimavenlege leilegheitene kan takast med til ein annan plass, og høver betre meir sentralt på Beitostølen.

6 Stølsdrift

Øystre Slidre er ein av dei viktigaste stølskommunane i Noreg. Valdres er den regionen i Noreg som har og har hatt mest stølsdrift, ei driftsform som gjeng attende til seinmiddelalderen. Talet på stølar er dramatisk redusert - frå 30 296 stølar i 1939, er det berre rundt 900 aktive stølar igjen i Noreg i dag. Frå 2000 til 2018 er talet på jordbruksføretak med støls-/seterdrift redusert med om lag 60 %. I Øystre Slidre var det 82 stølar i drift i 2005, men i 2019 var det berre 58 stølar igjen i drift. Stølstradisjonen i Noreg, og i Valdres, er sterkt trua. Difor arbeider mellom anna Norsk Seterkultur med å få setring/støling inn på UNESCO si verdsarvliste for immateriell kulturarv.

Stølsvidda mellom Valdres og Hemsedal er i dag nasjonalt utpekt som utvalt kulturlandskap i jordbruket. Stølsvidda er eit populært turistmål, og fleire driv stølsturisme der dei syner fram driftsmåte og produksjonsform. Stølsdrifta er teke vel så godt vare på i Øystre Slidre som på Stølsvidda, men det er ei driftsform som er under sterkt press og som det stadig blir meir særstent å kunne oppleve.

Øystre Slidre kommune har i samfunnsdelen av kommuneplanen markert at kommunen vil gjennomføre tiltak som styrker og motiverer den aktive stølsdrifta og bruken av utmarksbeitene. Vi meiner dette er gode intensjonar, som det er viktig at kommunen følgjer aktivt opp mens denne driftsforma framleis er aktiv og levande. Då har ein ikkje råd til å lata store utbyggingsprosjekt, som Liahaugstølen, ete seg innover i nokre av dei viktigaste arealressursane som er grunnlaget for denne driftsforma.

Stølsdrift krev areal, og gode beiteområde. Bjørkebeltet mellom lia over dalbotnen og høg fjellet representerer nettopp det beste beitearealet i Beitostøl-området. Stølsdrift krev også skjerming frå urbane aktivitetar og fritidsverksemd som forstyrrar dyr og drift. All landbruksdrift krev langsiktig føreseielegheit og trygge grensar. Difor er det viktig å kunne stola på at stølsområda blir tekne vare på i kampen om utbygging av hytte- og bustadfelt, og difor er det viktig med trygge buffersoner mellom tett utbygde område med mykje folk og berekraftige stølsområde.

Framsyn Fritid AS har i høve Avisa Valdres argumentert med at «*Det er viktig å hugse på at alt på Beitostølen har vore LNF, altså landbruks-, natur- og friluftsområde, før det har blitt vedteke utbygd. Så det er ikkje noko nytt i denne samanhengen. Alle bustadane i Stølslie ligg også på tidlegare LNF-område*».

Dette er ein argumentasjon som snur problemstillinga på hovudet; det at ein tidlegare har akseptert å byggje ut slike areal, er ikkje det same som at dette er uproblematisk. Den sorten areal det her er tale om (areal med m.a. verdifulle beiteressursar) er det no mindre att av, og dei treng å verta tekne vare på for framtida.

Dokument i saka syner at kommunen veit godt at arealet som er råka av planane for Liahaugstølen har verdifulle kvalitetar. Det er dokumentert at dette er mykje verdifulle beiteareal. Arealet er omtala som noko av det beste utmarksbeitet som finst i Øystre Slidre, og mykje av arealet er klassifisera som lettbrukt dyrkingsjord. Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) har tidlegare, heilt korrekt uttala at beiteområdet mellom Heimdre Hedalsstølen og dei eksisterande byggjeområda i Stølslie er viktige for driftsgrunnlaget på stølane, og at området i tillegg vil kunne fungera som ein buffer mellom stølar og byggeområde. Det er omfattande og breie støls- og beiteinteresser i dette området. Det ligg mange aktive mjølkestølar som nyttar utmarksbeitet både mot sør og aust. Det er også eit svært godt beiteområde for frittgåande storfe og sau, og det er registrert biologisk verdifulle slåtte- og beitemarker.

Det at det oppsette gjerdet i dag sperrar beitedyra borte frå området, er ikkje noko argument for å underslå verdien av beiteressursen. Som kommunen sjølv har sagt, er det arealressursen dei skal taka vare på. Moderne teknologi gjer det i dag mogleg å styra beitedyr elektronisk. Det er såleis ikkje lenger nokon grunn til å oppretthalde eit fysisk sperregjerde for å ekskludera dette arealet frå beiting. Stølseigarane har i området ein beiterett, som er opparbeidd etter alders tids bruk/hevd. Beitegjerdet har ingen innverknad på sjølve beiteretten, og han kan ikkje utan vidare takast bort. Det er også dokumentert at det er verdifullt biologisk mangfald her, i tillegg til landskapsverdi og andre kvalitetar.

Den varsla reguleringsplanen må stoggast allereie no. Det er i kommuneplanen sin arealdel at ein må taka stilling til framtidig arealbruk, ikkje gjennom ei detaljregulering som til dei gradar bryt med vedteken arealbruk i gjeldande kommunedelplan for Beitostølsområdet. Ved rulleringa av kommuneplanen sin arealdel må i staden arealet H1 takast ut, og fjell-/utbyggingsgrensa må flyttast nærare den eksisterande bygnaden i området.

7 Tilhøvet mellom kommunen og tiltakshavar

Det er mykje som kan seiast om tilhøvet mellom kommunen og tiltakshavar. Det vil føre litt langt å gå inn på alt som er relevant i denne samanhengen. Vi avgrensar oss difor til eit par moment om dette:

Vi ser at rådmann Aanestad den 12. februar 2020 har underskreve på fylgjande i Intensjonsavtale mellom Framsyn Fritid AS og Øystre Slidre kommune: " Kommunen vil gjennom reguleringsplanar, føresegner og anna legge tilhøva og rammevilkår til rette slik at ein kan nå dette målet.." (vår understreking)

Dette meiner vi er å gå svært langt i retning av å binde opp kommunestyret som planmynde, noko det ikkje er tilgjenge til. Det er kommunestyret som vedtek reguleringsplanar og tilhøyrande

planføresegner, og det er etter lova lite høve til å delegera denne mynden. Vi vil hevde at rådmannen ikkje har hatt høve til å binda opp kommunestyret på dette viset. Det kan ikkje vera mykje tvil om at Framsyn Fritid AS med denne underteikninga har fått det klare inntrykket at vegen no ville ligge open for å få gjennom sitt reguleringsinitiativ i kommunen.

8. Verdiskaping

Eitt av kommuneadministrasjonen sine viktigaste argument for å tillata utbyggjarar å framsetje detaljreguleringsplanar utan å venta på den pågåande revisjonen av kommuneplanen sin arealdel er at både overordna føringar og kommunen sine egne prioriterte mål tilseier at det skal strevast etter økt verdiskaping ved å leggja til rette for auka privat og offentleg verksemd som gjev arbeid til lokale aktørar og fleire arbeidsplassar i kommunen. Målet er å leggje til rette for folkevekst og auka inntekter for kommunen.

Utbyggjar for Liahaugstølen er Framsyn Fritid AS. Selskapet er nystarta med ein aksjekapital på 650.000 kroner, og selskapet sitt einaste føremål er å realisera dette prosjektet. Selskapet er eid av Oxhøvd AS med 50 % og av Westfoss Holding AS med 50 %. Ingen av desse to selskapa har kapital til å gjennomføra eit prosjekt av den storleiken som den føreslegne utbygginga av Liahaugstølen krev.

Det finst fleire moglege løysningar for Framsyn Fritid AS om dei skulle få planen sin godkjend, m.a.:

- a) Dei kan selje rammeløyva eller søke samarbeid med ein aktør som har gjennomføringsevne
- b) Dei kan gå til banken

Banken vil i slike høve normalt krevja at 60 – 70 % av bustadene førehandsseljast før byggjelån vert gjeve. Prosjektet må difor mellomfinansierast på bakgrunn av anna sikkerheit fram til byggjelånet ligg føre.

Byggjekostnad for normale prosjekt ligg på om lag 35.000 kr/m². Eit energioptimalisert prosjekt som Liahaugstølen vil kanskje koma opp i 45.000 kr/m². Utbyggjar oppgjer prosjektet til 15.000 m². Det gjer ein rein byggjepris på 675 millionar kroner. I tillegg kjem tomtepris, salskostnadar og garantikostnadar som gjer samla prosjektkostnad før fortjeneste på minimum 750 millionar kroner. Eit prosjekt i denne storleiken krev svært store ressursar og kapasitet.

Begge alternativa vil sannsynlegvis innebere at prosjektgjennomføringa vert overteken av eller settast bort til aktørar utafør kommunen, som vil koma til å gjennomføre prosjektet med egne folk eller større underleverandørar som heller ikkje høyrer heime i Øystre Slidre.

Resultatet vil med stort sannsyn bli at det meste av verdiskapinga hamnar utafør kommunen, det blir lite arbeid for lokale underleverandørar, og det skapast få eller ingen nye, permanente lokale arbeidsplassar.

Kommunen sine inntekter som følgje av prosjektet vil fort bli redusera til tilknytingsavgifter og framtidig eigedomsskatt.

Sluttord

Øystre Slidre kommune må straks og med augeblikkeleg verknad stogga reguleringsprosessen for Liahaugstølen.

Med helsing, for:

Terje Hålimoen 6/2

Anne S. Hanslien

Okshovdstølen 6/2

Terje Hålimoen

Fleirtalet av stølseigarane Heimdre Hedalsstølen

Anne Gjertrud S. Hanslien



Fleirtalet av stølseigarane Øystre Hedalsstølen Fleirtalet av stølseigarane i Olestølen

Håkon Gjelstad



Thomas Aslaksby




Øystre Slidre Bondelag
Tove Grete Kolstad



Øystre Slidre Bonde- og Småbrukarlag
Marit Helene Bryhn-Svensen

Stølsie Vel
Nicolay Flaaten



Petter A. Knudsen
Styreleder
Beitostølen Hytteforening



Erling Eriksen
Ole og Hedalen Vel
Styreleder

Kopi til:

Statsforvaltaren i Innlandet,
Innlandet fylkeskommune
Avisa Valdres